

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft (asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no)

**Sendt:** 17.04.2018 11:27:22

**Til:** Snorre Waage

**Kopi:**

**Emne:** SV: Forslag til handelsføresegn for Austrheim KPA

**Vedlegg:** image001.png

Takk Snorre

Denne skal me bruka!

Med venleg helsing

Asbjørn Nagell Toft

Avdelingsleiar

(56162141)

---

**Fra:** Snorre Waage [mailto:Snorre.Waage@hfk.no]

**Sendt:** tirsdag 17. april 2018 10:33

**Til:** Asbjørn Nagell Toft

**Kopi:** Anne-Kathrine Vabø; Eva Katrine Ritland Taule

**Emne:** Forslag til handelsføresegn for Austrheim KPA

Hei igjen Asbjørn,

og takk for seinast. Veldig nyttig med synfaring og bra opplegg frå dykk.

Som avtalt har vi utarbeida eit forslag til handelsføresegn for KPA. Dette er i stor grad henta frå føresegn i Regional plan for attraktive senter i Hordaland, med nokre tilpassingar. Det er Anne-Kathrine (kopi) hjå oss som har sett på dette, og om de har spørsmål er det berre å ta kontakt med meg eller direkte med henne.

\*\*\*\*\*  
\*\*\*\*\*

## Forslag handelsføresegn Austrheim

Nytt bruksareal for detaljhandel er berre tillatt i sentera definert i kommuneplanen; **XXX, XXX, XXX**

Nytt bruksareal for detaljhandel skal vere innanfor sentrumsutstrekninga definert i kommunal plan. Der det ikkje er fastsett ei sentrumsutstrekning, gjeld følgjande retningsgivande utstrekning:

- Kommunesenter: inntil 600m
- Lokalsenter og nærsenter: tilbod bør i høg grad konsentrerast

Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3.000 m2 krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.

Det gjeld unntak for:

- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m2 samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.
- Ny detaljhandel kor vareutvalet i hovudsak er bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og større byggjevarar, samt utsal frå hagesenter og større planteskular.

\*\*\*\*\*  
\*\*\*\*\*

Lykke til i det vidare arbeidet med planen.

Venleg helsing

**Snorre Waage**

spesialrådgjevar

regionalavdelinga | planseksjonen



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

[snorre.waage@hfk.no](mailto:snorre.waage@hfk.no) / [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan)



tenk på miljøet